

Notat

Frå: Fylkesrådmannen

Til: Fylkesutvalet, møte 13.april 2016. Vedlegg til FU-sak 24/16 om Regionreforma

Nye folkevalde regionar – rolle, struktur og oppgaver

1. INNLEIING

Regjeringa la 05.04.16 fram Stortingsmelding 22 (2015-16) «Nye folkevalde regionar – rolle, struktur og oppgaver». Regjeringa føreslår å gjennomføre regionreforma med verknad frå 2020, samstundes med kommunereforma. Regjeringa ser det som eit utgangspunkt for reforma at Stortinget har vedteke at det skal vere tre folkevalde nivå i Noreg. Det er ønskeleg med ein heilskapleg forvaltningsstruktur som legg til rette for utvikling og vekst i alle delar av landet ut frå regionale moglegheiter og fortrinn. Det er også ei målsetjing med betre samordning mellom sektorar og meir heilskaplege prioriteringar. Regjeringa legg særleg vekt på rolla som *samfunnsutviklar*. Regioninndelinga bør omfatte større funksjonelle regionar, som betre samsvarer med samfunnsutfordringane eit regionalt folkevalt nivå skal medverke til å løyse.

Fylkesrådmannen gjev her greie for innhald og argumentasjon i stortingsmeldinga, og stiller i denne framstillinga ikkje spørsmål ved ho utover det. I kap. 3 ser fylkesrådmannen kort stortingsmeldinga i lys av forventningane som vart framlagde i fylkesordførarane på Vestlandet sitt brev til KMD av 15.03.2016.

2. SAMANDRAG AV MELDINGA

Regionane som samfunnsutviklarar

Stortinget har bede om ei regionreform som går samstundes med kommunereforma. Med regionreforma vil regjeringa byggje vidare på dei roller, oppgaver og funksjonar fylkeskommunen har i dag, men særleg utvikle dei folkevalde regionane som *samfunnsutviklarar*. Stortingsmeldinga føreslår endringar både i regionstruktur og i regionane sine verkemiddel og oppgaver. Reforma skal leggje til rette for ei positiv samfunnsutvikling i alle delar av landet, basert på regionale moglegheiter, fortrinn, føresetnader og prioriteringar. Reforma skal leggje til rette for ei meir samordna oppgaveløysning og for sektorovergripande initiativ i regionane.

Reforma skal også medverke til forenkling og tydelegare ansvarsdeling. Regjeringa meiner endringane vil medverke til redusert byråkrati og auka effektivitet. Regionreforma skal også styrke lokaldemokratiet regionalt. At dei folkevalde har eit ansvar for å leggje til rette for samfunnsutvikling, har ein demokratisk eigenverdi. Dette inneber også maktspreiing. Grunngjevinga for eit regionalt folkevalt nivå fell såleis saman med målet om å spreie makt og byggje samfunnet nedanfrå.

Samfunnsutvikling krev heilskapsperspektiv. Heilskapleg samfunnsutvikling er viktig for å kunne nå dei mange og ofte motstridande måla for samfunnet. Regjeringa meiner at det regionale folkevalde nivået vil ha eit godt utgangspunkt for å ivareta eit heilskapssyn på tvers av sektorar og kommunegrenser. Forvaltninga er sektorinndelt, med ulike målsetjingar som ikkje alltid fell saman i konkrete saker. Sektororganiseringa gjev gode føresetnader for effektivisering og spesialisering internt i dei enkelte sektorane, men gjer det samstundes utfordrande å løyse oppgåver på tvers. Statlege regionale strukturar som ikkje samsvarer med fylkesgrensene, og som varierer frå sektormyndigheit til sektormyndigheit, forsterkar samordningsutfordringa. For å utvikle strategiar og tiltak retta mot samansette utfordringar som t.d. klimatilpassing, kompetansepolitikk, omstilling i næringslivet og folkehelse, er det naudsynt med koordinert innsats. For mange av problemstillingane er kommunane for små til å gjere heilskaplege vurderingar. Statlege etatar har ikkje mandat til å ivareta sektoroverskridande politikktutvikling.

Regionane varierer i storleik, geografi, befolkning, næringsstruktur og ressursgrunnlag, og vil ha ulike strategiar for å nå sine mål. Også nasjonale målsetjingar og prioriteringar må vurderast i lys av regionale særtrekk og utfordringar. Med ulike føresetnader og ulike moglegheiter og avgrensingar, vil kjennskap til regionen sine særtrekk, styrkar og svakheiter vere sentral når politikk skal omsetjast i konkrete planar, verkemiddel og handling. Regjeringa meiner folkevalde regionar skal ta initiativ retta mot område som:

- samfunns- og arealplanlegging
- klima og miljøvern
- folkehelse
- kompetanse
- kultur
- ressursforvaltning
- samferdsle
- næringsutvikling.

Å vere samfunnsutviklar inneber å formulere mål og skape oppslutnad om strategiar for å nå måla. Samfunnsutviklingsarbeidet krev samarbeid med offentlege styresmakter som regionalt folkevalt nivå *ikkje* har instruksjonsmynde over, samt å mobilisere private aktørar og lokale og regionale interesser. Det gjeld å ha ein langsiktig og heilskapleg plan for eigen region. For å lukkast med dette, er det fleire aktørar som må bli samde om felles mål og strategiar, og deira innsats og verkemiddel må trekkje i same retning. Difor er det behov for ein strategisk, mobiliserande og koordinerande aktør med eit tydeleg politisk regionalt leiarskap. Politisk nivå må gje føringar for utviklinga, og gjere klare regionale prioriteringar. Gjennom ein heilskapleg regional strategi for korleis offentlege midlar best kan nyttast til nærings- og samfunnsutvikling, kan regionane setje i verk gode løysingar på tvers av kommune- og sektorgrenser.

Samspel mellom aktørar og nivå i forvaltninga

Utgangspunktet for regionreforma er dagens fylkeskommunar. Regjeringa vil byggje vidare på dei roller, oppgåver og funksjoner fylkeskommunen har i dag. Eit kjenneteikn ved fylkeskommunen si arbeidsform er samhandling og samarbeid med kommunane, regional statsforvaltning, kompetanseinstitusjonar og frivillige og private aktørar. Fylkeskommunen deltek i, eller leier, eit breitt spekter av regionale partnerskap, nettverk og samarbeidskonstellasjonar. Regjeringa ønskjer eit folkevalt mellomnivå som spelar på lag med stat og kommune. Dette inneber også at staten vurderer si rolle overfor regionane. Betre sektorsamordning krev at regional statsforvaltning deltek aktivt til felles prioriteringar og løysingar i den regionale partnerskapen.

Regional planlegging

Regional planlegging er det sentrale verkemidlet for å utøve samfunnsutviklarrolla. Her bringar det regionale folkevalde nivået saman aktørar, og synleggjer samfallande og motstridande mål. Gjennom regionale planprosessar vert ulike interesser prøvd mot einannan, og regionale planar skal leggast til

grunn for regionale aktørar si verksemd, for kommunal planlegging og for statleg planlegging. Regjeringa vil forbetre statlege styresmakter sin medverknad i regional planlegging. Det er i dag ei stor utfordring at staten, kommunane og fylkeskommunane sjølve i for lita grad følgjer opp dei regionale planane. Verkemidlane i plan- og bygningslova vert i dag ikkje nytta fullt ut. Departementet meiner regional planlegging bør gjerast meir forpliktande, og vil i lys av dette pålegge sine underliggjande etatar aktiv og forpliktande deltaking i regionale planprosessar, og å delta som aktive partnarar ved oppfølging av desse.

Gi strategisk retning til samfunnsutvikling	<ul style="list-style-type: none"> – Avdekke og skape konsensus om regionens utfordringer – Etablere felles mål – Prioritere strategisk retning for utviklingen – ut fra regionale og lokale forhold – Forankre hos alle relevante aktører – Bruke samfunns- og arealplanlegging som verktøy
Mobilisere ulike aktører med ressurser	<ul style="list-style-type: none"> – Mobilisere aktører med ressurser – privat sektor, kulturliv og lokalsamfunn – Etablere mobiliserende (plan)prosesser – Stimulere til samarbeid, etablere arenaer og møteplasser – Fungere som nettverksnode, fasilitere og lede samarbeid/arenaer – Ha insentivordninger som stimulerer til samarbeid
Samordne og koordinere offentlig innsats og virkemiddelbruk	<ul style="list-style-type: none"> – Samordne og forplikte ulike sektormyndigheter – Samordne egne sektorer og planer – Benytte regional plan til å gi retning for og samordne offentlige aktører – Fungere som bindeledd mellom forvaltningsnivåer – Veilede

Tabell: Dimensjonar ved den regionale samfunnsutviklarrolla og kva desse inneber for utøvinga av rolla (St.meld. 22 (2015-16) «Nye folkevalde regionar – rolle, struktur og oppgåver» s. 20).

Utvikling av den politiske dialogen mellom stat og region

For å sikre tidleg og forpliktande statleg involvering, vil departementet leggje til rette for regelmessige møte mellom regionalt folkevalt nivå, aktuelle departement og relevante underliggjande etatar i førebuinga av arbeidet med *dei regionale planstrategiane*. Etter å ha hausta erfaring med byutviklingsavtalar, vil det bli vurdert å opne for at rammeverket for slike avtalar kan sikre meir forpliktande oppfølging av regionale planar også på andre samfunnsområde og utanfor dei største byane. Den overordna politiske dialogen og samhandlinga mellom staten og regionane bør utviklast slik at denne støttar opp om dei nye regionane sine rolle og oppgåver.

Større folkevalde regionar

For å utvikle eit framtdsretta regionalt folkevalt nivå med ei forsterka samfunnsutviklarrolle, meiner regjeringa det er nødvendig med *større regionar*. Stortingsfleirtalet framhevar også at nye oppgåver til regionalt folkevalt nivå føreset færre fylkeskommunar/regionar av ein viss storleik, jf. Innst. 333 S (2014–2015). Dagens fylkesinndeling er relativt uendra sidan 1800-talet. Stortingsmeldinga understrekar at fylkesgrensene i dag delvis går på tvers av reisemønster, bustad- og arbeidsmarknadsregionar og næringsstrukturar. Samstundes har grensene til viktige regionale statlege samarbeidspartnarar blitt endra, og desse fell såleis ikkje lenger saman med dei politiske regiongrensene.

Ti nye folkevalde regionar – prosessen vidare

Større regionar vil leggje til rette for breie fagmiljø med kapasitet og kompetanse til å ivareta både noverande og framtidige roller og oppgåver. Ti regionar vil styrke potensialet for samhandling og dialog mellom regionale statlege styresmakter og folkevalde regionar. Departementet ber fylkeskommunane om å gjere sine vedtak innan 01.12.2016. Departementet vil i samarbeid med KS leggje til rette for dialog mellom fylkeskommunar, slik at ulike strukturmodellar blir drøfta før fylkeskommunane skal gjere vedtak. Etter at fylkeskommunane har gjort sine vedtak hausten 2016, vil regjeringa gjere ei samla vurdering av regionstrukturen i lys av måla for reforma og kriteria for regioninndelinga.

Regjeringa tek sikte på å presentere eit framlegg for Stortinget til ny struktur for det regionale folkevalde nivået våren 2017, basert på fylkeskommunane sine vedtak og regjeringa sine samla vurderingar. Regjeringa har som mål å gjennomføre kommunereforma og endringar i regionalt folkevalt nivå samstundes, slik at nye kommunar og nye regionar kan tre i kraft frå 01.01.2020.

Gjennomgang av staten sine regionale strukturar

Manglande samanfall mellom fylkes-/regioninndelinga og staten sine regionale inndelingar skapar store utfordringar for samhandling og samordning av innsats som byggjer opp om samfunnsutviklinga i ein region. Ei endring i inndelinga av dei folkevalde regionane i retning større og færre regionar vil redusere fleire av utfordringane. Ein regionstruktur i storleiken ti regionar vil forbetre føresetnadane for å ivareta samhandling og dialog mellom regionale statlege styresmakter og folkevalde regionar. For å styrke samhandlinga mellom staten og regionalt folkevalt nivå, vil regjeringa også gå igjennom dei statlege regiongrensene i lys av dei nye grensene for folkevalde regionar.

Nye oppgåver og funksjoner til større folkevalde regionar

Oppgåver og ansvar som i dag ligg til fylkeskommunen vil først vidare i nye folkevalde regionar, med unntak av oppgåver som er vedtekne å overføre til kommunar som del av kommunereforma. Med utgangspunkt i retningslinene for oppgåvefordeling mellom forvaltningsnivåa og stortingsfleirtalet sine føringar, jf. Innst. 333 S (2014–15), har departementet vurdert endringar i oppgåveporteføljen for folkevalde regionar. I dei følgjande avsnitta syner vi her meldinga sine vurderingar av verkemidlar og roller innan ulike sektorar som skal medverke til å styrke regionane i samfunnsutviklarrolla:

Infrastruktur

Hovudmodellen for *vegansvar* mellom fylkeskommune og stat skal oppretthaldast. Dette inneber at regionalt folkevalt nivå framleis skal vere ein vesentleg vegeigar, med ansvar for fylkesvegar. I arbeidet med rullering av *Nasjonal transportplan* vil det bli vurdert å omklassifisere enkelte vegstrekningar med sterke næringsinteresser – noko Stortinget har bede om. Ansvaret for ordninga med *tilskot til private lufthamner* vert elles føreslegne overførte til dei nye folkevalde regionane som har slike lufthamner. Dette vil gje ei styrka moglegheit til å sjå det regionale transporttilbodet i samheng, og til å gjere avvegingar mellom ulike transporttiltak. Det vil bli greidd nærare ut i kva grad ordninga med kjøp av *innanlandske flyruter* kan overførast til regionalt folkevalt nivå.

Det vil også vurderast om nye folkevalde regionar kan få eit koordineringsansvar for utbygging av *digital infrastruktur*. Nye folkevalde regionar kan medverke til raskare utbygging og reduserte kostnader gjennom å sikre betre koordinering mellom regionale aktørar. Som del av gjennomgangen av tilskot og finansieringsordningane til fiskerihamner og forslag til nye ordningar som Stortinget har bede om, jf. Innst. 13 S (2015–2016), vil det også bli vurdert alternative modellar for både organisering av eigarskap og ansvar for tilskots- og finansieringsordningar for fiskerihamnene. Modellen med regional folkevald eigarskap og/eller ansvar for finansieringsordningar vil inngå i dei samla vurderingane her.

Tilrettelegging for næringsutvikling

Det vert i meldinga føreslege at nye folkevalde regionar får ansvar for utforming og oppfølging av regionale oppdrag til nasjonale verkemiddelaktørar for *forskning, innovasjon og næringsutvikling*. Samstundes må dei nasjonale verkemiddelaktørane si gjennomføring av regionale oppdrag tilpassast dei nye regiongrensene. Forslaget legg grunnlaget for at éin folkevald region samstundes blir éin region for regionale forskingsfond, og at program for mobilisering til forskingsinnsats vert organisert på same måte. Dette vil seie at regioninndelinga og organiseringa av verkemiddelinnsetsen skal vere samanfallande.

Kunnskapsdepartementet vil føre vidare ordninga med regionale forskingsfond innanfor dei endra rammene for forvaltninga av midlane som regionreforma kan medføre. Dei økonomiske rammene for

ordninga vert vurderte i den årlege budsjettbehandlinga. Andre relevante departement vil i samband med dette vurdere å nytte regionale forskingsfond som verkemiddel for forskingsretta innsats.

Det vert ikkje sett på som aktuelt å overføre *landbruksoppgåver* frå fylkesmannen til nye folkevalde regionar. Det vert gjort framlegg om eit toårig forsøk der ein folkevald region får ansvaret for regionale næringsprogram for landbruket som i dag vert forvalta av fylkesmannen. Forsøket vil omfatte ansvaret for strategiske føringar til Innovasjon Noreg for dei bedriftsretta verkemidlane til landbruket, samt ansvaret for forvaltninga av dei fylkesvise midlane til utgreiings- og tilretteleggingstiltak. Målet er å sjå om det er mogleg å utvikle ei forvaltning som tek omsyn til gjennomføringa av ein nasjonal landbrukspolitikk, samstundes som det vert opna for auke innverknad frå regionalt folkevalt nivå. Med eit slikt forsøk vil ein vurdere moglege vinstar av å samle ansvaret for utforming av regionale næringsstrategiar, planar og næringsretta verkemidlar hjå regionalt folkevalt nivå, inkludert strategiske føringar til Innovasjon Noreg.

Fylkeskommunen koordinerer og gjer i dag vedtak i saker om akvakultursøknader, ei oppgåve som vart overført frå Fiskeridirektoratet i 2010. Det vil greiast ut om det er føremålstenleg å delegere mynde til større folkevalde regionar frå dei ulike sektorstyresmaktene ved behandling av akvakultursøknader.

Utdanning og kompetanse

Ordninga med «Råd for samarbeid med arbeidslivet» (RSA) ved universitet og høgskular vil bli evaluert. Større folkevalde regionar og regionale kompetansestrategiar si rolle overfor RSA vert vurderte som del av dette. I styringsdialogen med universitets- og høgskulesektoren vil det tydeleg bli formidla klare forventningar om at sektoren deltek i utforminga av regionale kompetanseplanar i tråd med vedtekne nasjonale forventningar til regional planlegging. Det vert føreslege å gje nye folkevalde regionar ansvar for å leggje til rette for samarbeid mellom arbeidsliv og utdannings- og opplæringsaktørar om behov og tilrettelegging for etter- og vidareutdanning. I stortingsmeldinga om fagskular som vert framlagt i løpet av 2016, vert det teke stilling til finansieringsordning og forvaltning av offentlege fagskular. Ansvaret og oppgåvene til det regionale folkevalde nivået på fagskuleområdet vil her bli vurdert og avklara.

I stortingsmeldinga om oppfølging av Kunnskapsløftet som er planlagt framlagt våren 2017, vil større folkevalde regionar sitt ansvar og rolle i samband med rettleiing og kvalitetsutvikling innanfor grunnopplæringa bli vurdert, inkludert ansvaret for prosjektmidlar på området.

Kultur

Eit større regionalt handlingsrom innanfor kulturpolitikken kan leggje grunnlag for meir heilskaplege vurderingar på tvers av politikkområde. Forvaltninga av tilskot innan kulturområdet vil bli gjennomgått med sikte på overføring til regionalt folkevalt nivå. Kulturdepartementet vil også gå igjennom ansvarstilhøve og finansiering av kulturinstitusjonar og tiltak som i dag har delt finansiering, med sikte på å overføre oppgåver og ansvar til større folkevalde regionar.

Regjeringa ønskjer å reindyrke Riksantikvaren som direktorat. Stortingsmeldinga føreslær å overføre fleire oppgåver som i dag ligg til Riksantikvaren til regionalt folkevalt nivå. Det vert føreslege å overføre oppgåver knytt til kulturminnelova, der eit mål er å byggje sterkare kompetansmiljø regionalt. Det inneber å overføre eit større ansvar for dei fleste automatisk freda kulturminna. Regionane sitt ansvar for å forvalte vedtaksfreda kulturminne vert utvida til også å omfatte dei fleste forskriftsfreda statleg eigde bygningane. Forvaltninga av særleg viktige forskriftsfreda statleg eigde bygningar skal framleis liggje til Riksantikvaren. Oppgåver knytt til forvaltninga av verna farty som er «listeførte» vert overførte regionvis.

Klima, miljø og friluftsliv

Fylkeskommunen har ansvaret for dei fleste oppgåvene innan friluftsliv på regionalt nivå. Det vert føreslege å overføre fylkesmannen sitt ansvar og rolle innan friluftsliv til nye folkevalde regionar, og fylkesmannen sitt ansvar for statleg eigde og sikra friluftsområde vil bli vurdert med sikte på overføring til

større folkevalde regionar. Det vert ikkje vurdert som aktuelt å føreslå ytterlegare overføring av klima- og miljøoppgåver frå fylkesmannen til nye folkevalde regionar.

Integrering

Å nytte innvandrarsine ressursar er avgjerande for å lukkast med ei god integrering. Dette er også viktig for å dekke det regionale arbeidslivet sine kompetanse- og arbeidskraftsbehov. Regionalt folkevalt nivå sitt ansvar for vidaregåande opplæring, næringsutvikling, kultur, folkehelse og frivilligheit er sentralt i integreringsarbeidet. Regionane sitt planleggingsansvar er eit viktig verktøy i denne samanhengen. Det vil bli vurdert korleis nye folkevalde regionar kan ta ei sterkare rolle i integreringsarbeidet gjennom dei oppgåver og ansvar som fylkeskommunane har i dag. Det vert ikkje vurdert som aktuelt å føreslå endringar i ansvar for oppgåver som i dag ligg til Integrerings- og mangfaldsdirektoratet (IMDi).

Statleg lokaliseringspolitikk

Statleg lokaliseringspolitikk er eit verkemiddel for utvikling av vekstkraftige regionar med velfungerande regionsentra. Regional statsforvaltning utgjer ein viktig del av sysselsetjinga i mange regionar. Regionalt folkevalt nivå kan medverke med viktige vurderingar av ulike lokaliseringsalternativ for statlege arbeidsplassar. Større regionar vil forenkle ein slik medverknadsprosess, og like eins medverke til at vurderingane vert gjort i ein større geografisk og funksjonell samheng. Det vil bli vurdert nærare i «Retningsliner for lokalisering av statlege arbeidsplassar og statleg tenesteproduksjon».

Prosjektmidlar

Stortingsfleirtalet bad i si innstilling (jf. Innst 333 S (2014–2015)) om vurderingar av moglegheita for overføring av relevante prosjektmidlar til regionalt folkevalt nivå. I meldinga vert endringar i ansvar for prosjektmidlar (tilskotsmidlar) innan fiskerihamner, kultur, kulturminne og friluftsliv varsla vurdert.

Val og endra regioninndeling

Ved val til nytt regionalt folkevalt nivå – regionting – vil det vere naturleg å basere seg på dei hovudprinsipp som i dag gjeld for fylkestingsvala (sjå kap. 8 i meldinga). I dag utgjer eitt fylke éin valkrins. Éin region og éin valkrins vil frå starten av gje gode moglegheiter for å byggje opp ein ny region og ei ny felles regiontilhøyrslé. Fram mot lokalvalet i 2019 vil det bli greidd nærare ut kva for administrative og praktiske konsekvensar endringar i regionstrukturen får for gjennomføringa av vala, samt korleis dette kan møtast. Kva for konsekvensar endringane i regionstruktur får for stortingsval, vil vurderast særskilt.

Dersom det må gjerast endringar i Grunnlova, vil ei ny valordning til Stortinget kunna tre i kraft først i 2025. Regjeringa vil sjå nærare på korleis stortingsvalet i 2021 kan gjennomførast ved endringar i regionstrukturen, og vil kome attende til Stortinget om dette samstundes med det konkrete forslaget til ny regionstruktur våren 2017. Her vil det også bli gjort greie for moglegheita til å behalde dagens fylkesgrenser som valkrinsar til Stortinget.

3. STORTINGSMELDINGA OG FYLKESORDFØRARANE SITT FORVENTNINGSBREV

Fylkesrådmannen har gjort ei førebels samanlikning av stortingsmeldinga sine signal om oppgåveoverføring til større folkevalde regionar med fylkesordførarane i Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane sine skisserte forventningar til Kommunal- og moderniseringsdepartementet av 15.03.16.

Fylkesordførarane får medhald frå regjeringa i at dei fleste av dagens fylkeskommunale kjerneoppgåver vert førte vidare i nye folkevalde regionar. Vidaregåande opplæring og samferdsle/veg vert i meldinga omtala som to omfattande samfunnsoppgåver som skal liggje til dei nye regionane.

Stortingsmeldinga er elles tydeleg på at oppgåver som er vedtekne å overføre til kommunar som del av kommunereforma, skal overførast kommunane. Tannhelsetenesta er døme på ei slik oppgåve.

Endringer i fylkeskommunens oppgaver som følge av kommunereformen

I Meld. St. 14 (2014-15) Kommunereformen – nye oppgaver til større kommuner foreslo regjeringen at fylkeskommunens ansvar for tannhelse og myndighet til å fastsette utvidet jakttid for enkelte fremmede/introdiserte arter etter §2 i forskrift og jakt- og fangsttider, kan overføres til kommunene. I tillegg ble det foreslått at de største kommunene kan få overført fylkeskommunens ansvar for videregående opplæring og kollektivtransport, etter nærmere angitte kriterier. Bortsett fra videregående opplæring, sluttet Stortinget i Innst. 333 S (2014-15) seg til at større kommuner kan overta fylkeskommunens ansvar på disse områdene. Regjeringen tar sikte på å fremme en lovproposisjon om nye oppgaver til kommunene våren 2017.

Boks: Endringer i fylkeskommunen sine oppgaver som følge av kommunereforma (St.meld. 22 (2015-16) «Nye folkevalde regionar – rolle, struktur og oppgaver» s. 25).

Fylkesordførarane la i forventningsbrevet vekt på at det i Noreg er behov for eit sterkt regionalt nivå underlagt direkte folkevald styring, og som kan ta ein leiarskap i samarbeid med kommunar, næringsliv og statleg forvaltning. Den overordna samfunnsutviklarrolla vert framheva som viktig også i meldinga.

Ein gjennomgang av St.meld. 22 (2015-16) syner elles følgjande signal på område som fylkesordførarane omtala i forventningsbrevet av 15.03.2016:

1. Statens vegvesen sitt regionapparat, med tilhøyrande fylkesfunksjonar: Oppgåva er ikkje vurdert overført til nye folkevalde regionar.
2. Kulturrådet og tildelingar til regionale formål frå Kulturdepartementet: Eit større regionalt handlingsrom innanfor kulturpolitikken kan leggje grunnlag for meir heilskaplege vurderingar på tvers av politikkområde. Forvaltninga av tilskot innan kulturområdet vil bli gjennomgått med sikte på overføring til regionalt folkevalt nivå. Kulturdepartementet vil også gå igjennom ansvarstilhøve og finansiering av kulturinstitusjonar samt tiltak som i dag har *delt finansiering*. Det vert også føreslege å overføre oppgaver knytt til kulturminnelova for å bygge sterkare/større kompetansmiljø regionalt.
3. Kjøp av regionale jernbanetenester: Oppgåva er ikkje vurdert overført til nye folkevalde regionar.
4. Deler av Noregs forskingsråd sine programområde (sjå kap. 7.3.2 i meldinga): Det vert i meldinga føreslege at nye folkevalde regionar får ansvar for utforming og oppfølging av regionale oppdrag til nasjonale verkemiddelaktørar for forskning, innovasjon og næringsutvikling.
5. Konesjons- og rettleiingsoppgåver frå NVE og anna regional naturressursforvaltning: Oppgåva er ikkje vurdert overført til nye folkevalde regionar.
6. Dei delane av BUF-etat som ikkje kan leggjast til kommunane: Oppgåva er ikkje vurdert overført til nye folkevalde regionar.
7. Regionale miljøvern- og landbruksforvaltningsoppgåver som ikkje inneber kontroll og tilsyn: Det vert ikkje vurdert som aktuelt å føreslå overføring av klima- og miljøoppgåver frå fylkesmannen til nye folkevalde regionar. Det vert heller ikkje sett på som aktuelt å overføre landbruksoppgåver frå fylkesmannen til nye folkevalde regionar.
8. Integrerings- og mangfaldsdirektoratet (IMDi) sine regionale funksjonar: Det vert ikkje vurdert som aktuelt å føreslå endringar i ansvaret for oppgåver som i dag ligg til IMDi (sjå kap. 7.7 i meldinga).

Elles er korkje dei statlege høgskulane eller ansvar, eigarskap og finansiering av heile eller delar av spesialisthelsetenestene vurderte nærare i høve utgreiing eller overføring til dei nye regionane.

Stortingsmeldinga støttar at det tener den norske forvaltningsmodellen at staten i større grad organiserer si verksemd slik at ho korresponderer med den folkevalde regionstrukturen (sjå kap. 6.4 i meldinga).